

Friluftsløip for ungdom

Velkomen til Nesholmen 5.-7. juni 2026!



Overnatting – kven skal bu i kva telt/lavvo:

Sjekk deltakarlista. Ved påmelding har ein sett opp ulikt, så informer involverte deltakarar dersom de melder om endringar, eller om det ikkje var slik de sette opp, slik at ingen vert overraska når dei kjem på leiren. Vi lagar namneskilt til alle telt og lavvoar. Endringar sendast innan 20. Mai til sognogfjordane@njff.no

Skytegruppa - skyteløyve:

Alle som skal vere med på skyting må hugse å ta med seg hørselvern og må ha løyve frå føresette. Vi ber om at løyvet sendast på førehand til e-post sognogfjordane@njff.no eller som bilde på sms til 97076702. På løyvet skal det stå at deltakaren (med namn) kan skyte med hagle og rifle på friluftsløiren 6. juni 2026, signert føresett. Send seinast 20. mai!

Allergiar, medisin og andre ting vi bør vite om

Det er mange på leir, så send ein epost til sognogfjordane@njff.no med bilete av deltakaren som vi skal følge opp med omsyn til matallergiar, påminning om medisin og liknande. Har ein med seg EPI-penn er det fint å avtale kor denne skal vere under leiren, også laurdagen når ein skal dele seg i grupper. Er det andre omsyn vi må ta omsyn til, send detaljert beskrivelse slik at miljø-gruppa er orientert. Miljøgruppa er dei som følgjer opp slike ting. Sendast seinast 20. Mai.

Kva stiller vi med?

Vaksne / instruktørar, lavvo for dei som ikkje har telt/lavvo sjølv. Utstyr til aktivitetane. Alle måltid. Sanitæranlegg på Nesholmen

Aktivitetane:

Alle aktivitetar og måltid utenom flugebitting er ute. (dårleg veir kan føre til unntak) Med unntak av fellessamling og måltid, er ALT heilt friviljug. Bli med på det du vil.

Bileter og video av deltakarane på sosiale medier

Vi vil vere merksame på kva vi legg ut, men ikkje alle vil vi skal legge ut bilete av dei. For at vi skal klare å slette bileter vi ikkje skal ha med, skal dei som har svart «nei», sende oss bilete av deltakaren seinast 20. mai, slik at det vert enklare for oss å kjenne att deltakaren på bilete.

Fiskestenger: – uansett om du lånar eller har med sjølv – skal dei IKKJE ligge på bakken, men setjast opp etter telt/tre/ stangholdar.

Laksefiskegruppa:

Du får låne utstyr, men du kan ta med eige fiskeutstyr om du vil. Vi anbefalar ikkje å ta med dyrt utstyr. Laksefiskegruppa har ei aldersgrense på 14 år.

Korleis kjem du deg til Nesholmen?

Nesholmen ligg midt mellom Hyen sentrum (Gloppen) og Storebru (Flora). Bussruter er det dårleg med, beste løysing er å kome i privatbilar. Sjå deltakarlista for samkøyring.

Avbud – refusjon av deltakaravgift

Avbud etter 22. mai gir ingen refusjon av deltakaravgift, med unntak av sjukdom eller liknande.

Ta med fisk heim:

Spør på kjøkkenet om å få sette fisken på kjøøl eller frys. Elles kan du ete den til på leiren.

Kiosk:

Kiosken har eigne opningstider, sjå program. Kontanter og bankkort kan brukast.

Kontaktinfo:

Norges Jeger- og Fiskerforbund Sogn og Fjordane, 97076702, sognogfjordane@njff.no
www.njff.no/sognogfjordane

Facebook: NJFF Sogn og Fjordane

Velkomen til leir!

Med venleg helsing arrangørane

Hyen JFL, Gloppen JFL, Førde JFL, Flora JFF og Norges Jeger- og Fiskerforbund Sogn og Fjordane

Reidun Solberg Seim, 970 76 702

Jan Erik Søreide, 48 16 17 25

Vedlegg:

- Utstysliste
- program
- Leirreglar
- deltakarliste

Kjekt å ha med:

NB! Merk kle, sko og utstyr med namn!

	Program og leirreglar		Hodelykt
	God sovepose, gjerne teppe inni		Drikkeflaske
	Liggeunderlag		Mygghatt / myggnett. Myggservietter eller myggrollon, ikkje myggSPRAY
	Evt. Telt / lavvo		Solkrem
	Presenning / plast til teltet om regn		Kiosk-pengar /bankkort
	Støvlar / sko (ha med ekstra-par)		Gode sko/støvlar til fjelltur (fjellturgruppa)
	Regnty		Hørselvern (for skytegruppa)
	Fleire par ullsokkar, tynne og tjukke		Eventuell medisin!
	Undertøy og ullundertøy (natta kan vere kald!)		Tannkost, tannkrem, handkle, såpe..
	Shorts, t-skjorte		Badekle og handkle
	Genserar		Fiskeutstyr om du vil ha med
	Turbukser		Hue og hanskar til natta
	Vindjakke		

NB! Det er fort å fryse om natta, tenk på det når du pakkar. 1-2 lag av ullplagg er bra. Ha med GOD sovepose og GODT liggeunderlag!

LEIRREGLAR:

- Rusmiddel på leiren er forbode
- Burn og andre energidrikk er heller ikkje lov.
- Kniv skal ikkje brukast til å true andre med, øydelegge noko eller lage «våpen» (spisse pinnar til å fekte med)
- Bruk av open eld i telt og ved teltområde er forbode (eigne bål plassar)
- Ikkje rør brannsløkkingsutstyr som er på leiren
- Båt- og kanoreglar:
 - Flyte-/redningsvestar er påbudt når ein er i kano og båt uansett kor kort turen er!
 - Ein skal alltid vere minimum 2 i kano og 3-4 personar i båt à Ikkje lov å stå i båt/kano
 - Ein kan ikkje dra lenger med båt/kano frå Nesholmen enn 200 m. med mindre vaksen er med.
 - Alle må vere på land seinast kl 23.00
 - Alle må vere på land under middag laurdag
 - Båtane /kano skal dragast skikkeleg på land à Etter bruk heng vesten på plass i kjellaren
- Alle må vere i telta seinast kl 24.00. Ro i leiren
- Når ein lånar utstyr frå hengaren, skal det setjast på plass etter bruk. Sei ifrå om noko er øydelagt.
- Ver på plass til rett tid ved måltid og morgonsamlingar.
- Søndag etter frukost må alle rydde i og ved teltet sitt, samt gjere det ein vert bedt om.
- Ver høfleg og grei mot dei andre på leiren

Program friluftsløir 2026

ALLE AKTIVITETAR ER VALFRIE, MED UNNTAK AV MÅLTID OG MORGONSAMLING

Fredag:

Kl 18.30-19.00	Oppmøte, etablering av leir
Kl 19.00 -	Natursti? (litt hektisk akkurat då)
Kl 20.00	Lynkurs vestbruk og henge opp. Fellessamling og middag
kl 20.30	Fiskekonkurransen startar, NB! Ikkje lov å gå i båt / kano før kl 20.30.

Fiske, kanopadling, ballspel, bålkos
Dei som skal på laksefiske trenar på flugekasting

Kl 23.00	Alle kanoar og båtar må vere på land
Kl 23.00	Nattmat
Kl 24.00	Ro i leiren, alle skal vere i telta

Laurdag:

Kl 08.00 - 09.00	Fellessamling og frukost. Ikkje lov å gå i kano / båt før kl 10.00 (fiskegruppa)
Kl 10.00 – ca. 15.00	Delast i 4 grupper:

Gruppe 1: Skytegruppa reiser til Grovastøylen (?) eller Aa-bakkane

Gruppe 2: Fiske, flugebitting, kano og mat på bål på Nesholmen.

Gruppe 3: Reiser til elv for laksefiske (skriv kva elv)

Gruppe 4: Fjelltur med grilling

Kl 13.00 -14.00	Lunsj. Alle båtar og kanoar på land kl 13 – 14.
Kl 17.00	Fiske, bading, kanopadling, båt, ballspel mm
Kl 18.00	Middag. Alle kanoar og båtar på land kl 18.00 - 19.00
Kl 19.00	Kanokonkurranse
Kl 20.30	Fotballkamp: vaksne mot deltakarar
Kl 21.00	Alle kanoar og båtar skal vere på land for kvelden
Båtar med vaksne frå	fiskegruppa og deltakarar kan vere på vatnet mellom kl 21-24
kl 22.00	Kahoot inne
Kl 23.00	Nattmat.
Kl 24.00	Ro i leiren, alle skal vere i telta

Søndag:

Kl 08.30 - 09.30 Fellessamling og frukost. Ikkje lov å gå i kano/ båt før kl 10, men du må ha rydda leir og pakka ned teltet og sakene dine før du går i kano/båt.

Kl 09.30 Rydding og riving av leiren

Kl 10.30 - Flåing av småvilt, pelsing, feller og fangst.
Fiske, padling etc.

Kl 11.45 Avslutning av fiskekonkurransen

Kl 12.00 Premieutdeling: fiskekonkurranse - kanokonkurranse - kahoot

Kl 12.30 Lunsj. Alle kanoar og båtar skal på land for dagen

Kl 14.00 Heimreise

Alle aktivitetar er valfrie! Du vel sjølv det du ynskjer å gjere. Forbehold om endringar.

Opningstider KIOSK:

Fredag kl 20.30 – 21.30

Laurdag kl 09.15 – 09.45
kl 19.00 – 20.00

Søndag kl 11.00 – 12.00



Norges Jeger-
og Fiskerforbund

**JAKT- OG FISKEGLEDE
TIL ALLE – FOR ALLTID**